



MØTEREFERAT

Dato: 10.12.2025

Stad: Hovden fjellstoge (kl.12-15)

Referentar: Signe Sollien Haugå/Sonja Lien Skjevrak

Møte:

Prosjektgruppa for sti- og løypeplan

Deltakarar:

Representasjon	Namn	Til stades
Ordførar	Hans Blattmann	x
Planutvalet	Merethe Hjemdahl	x
Levekårsutvalet (tidlegare)	Thor Bernhard Sagland	x
Råd for personar med nedsett funksjonsevne	Laila Johnsen Kjær	x
Eldrerådet	Ola Mosdøl	-
Ungdomsrådet	Sigrid Haugsgjerd	-
Bykle Idrettslag	Olav Mandt	x
Hovden Sportsklubb	Atle Egeland	-
Grunneigarrepresentant frå Bykleregionen	Silje Rygnestad Nesvaag	x
Grunneigarrepresentant frå Midtregionen	Arne Homme	x
Grunneigarrepresentant frå Hovdenregionen	Agnes Hovden	-
Hovden Næringslag	Marcin Matysik	x
Destinasjon Hovden	Unn Hovden	x
Hovden løypekøying	Torvald Gautland	x
Ressursgruppa for hyttevelforeiningane (RHB)	Tom Bredesen	x
Ressursgruppa for hyttevelforeiningane (RHB)	Hans Christian Loland	x
Administrasjon	Signe Sollien Haugå	x
Administrasjon	Sigrid Bjørgum	x
Administrasjon	Sonja Lien Skjevrak	x



REFERAT

1. Opning

Hans Blattmann ønskja velkomen.

Presentasjon av deltakarane.

2. Kort referat frå møte i referansegruppa

Sigrid orienterte frå møte med referansegruppa.

Spørsmål: Oppfølging av krav til KU i høve tiltaksplan for villrein. Fleire partar har spelt det inn i samband med høyringa av tiltaksplanen. Ressursgruppa for hyttevelforeiningane i Bykle (RHB) vil følgje opp dette også framover.

Svar: Vidare oppfølging frå kommunen om dette vil føregå politisk. Politisk har dei og påpeikt trong for lokal forankring og lokal kunnskap.

Det vart spelt inn at ein kan vurdere tolegrenseanalyse – ref. andre villreinområde.

3. Presentasjon av ressursgruppa for hyttevelforeiningane sitt innspel

RHB orienterte om prosess og involvering av hyttevelforeiningane. Styret er talerøyr for alle delområda (53 hyttevelforeiningar), og har påteke seg å samordne og prioritere innspela frå desse.

Destinasjonen er i eit unikt terreng og ein ser at ein må ta naturleg omsyn. Balanse mellom bevaring og utvikling. Talet på fritidsbustader – eksisterande og nye - gjer at det er press på løypenettet. Det må vere robust. Føreslår tematiske forbetringstiltak. Stort engasjement og mange konkrete forslag har kome inn.

Prioritet 1: Styrking av høg fjellsløyper og at desse er opne når det ikkje er reinsdyraktivitet – heile sesongen. Ønskjer prioritet på Auversvatn og Sloaros som kan styrke Hovden som destinasjon. Føreslår sikring av rettigheter til løyper. Ønskjer supplering på eksisterande løype, og at Galteflotti-løypa og løypa til Enden blir teke opp att, med tilkomst via Breive. (Vurdere løyper på vestsida nedover). Dette for å ha meir fleksibilitet i løypenettet med omsyn til villrein.

Prioritet 2: Samanhengande løypenett - bruer og kulvertar.

Prioritet 3: Utviding av løypenettet t.d. Fjellbø og Hovden Tour-løypa, Vidmyr og Nylund-Berdalen (og vidare Steinsland- Berdalen – med ny trase aust for Risåsnuten).

Tematiske forbetringspunkt: Mindre tiltak/forbetringstiltak, fleirbrukstrasear gåande og syklande, rundløype Hartevatn, skilting/informasjon ved parkeringsplassar både sommar og vinter, underlagspreparering for forlenging av sesong. Villreinvenleg ferdsle er enklare ved god informasjon/ kunnskapsdeling.

Grunneigaravtaler er eit viktig punkt for kontinuitet i løypenettet. Sikre løypetrasear i kommuneplanen sin arealdel (KPA) og reguleringsplan. Tilkoplingsløyper.

Viktig å sikre sameksistens – mellom dyr og folk.

For meir informasjon, sjå presentasjon som ligg på [heimesida](#).



4. Presentasjon av innkomne innspel

Sonja Lien Skjevrak orienterte om prosess og innkomne innspel før gruppearbeid.

Innkomne innspel: over 100 totalt, nokre innspel er framsett i ulike medverknadsmøte. Alle innspela er søkt samanstillt. Det vil bli arbeidd vidare med samanstillinga for å heve kvaliteten og rette opp i feil. Sjå vedlegg.

Det er flest innspel i Hovden-regionen. Mange av dei omhandlar samanbinding av løypenettet og tiltak for å unngå kryssing av bilveg. Det er også ein del innspel til midt- og Bykle-regionen. Desse omhandlar mellom anna samanbinding av løypenettet, grunnpreparering og nærturar med fokus på tilgjengelegheit for alle.

5. Gruppearbeid – vurdering og prioritering av innspela

Prosjektgruppa vart delt inn i tre grupper. Desse gjekk gjennom samanstillinga av innspel og noterte kommentarar/vurderingar og prioritering.

6. Presentasjon av gruppearbeid

Gruppene presenterte sin vurderingar og prioriteringar. Desse innspela blir tatt med i det vidare arbeidet med sti og løypeplanen.

7. Samordna besøksforvaltning

Signe Sollien Haugå avrunda møtet med å utfordre deltakarane til å tenkje igjennom korleis ein kan arbeide vidare med meir dynamisk løype- og besøksforvaltning dersom ein landar ut med ein sti- og løypeplan som har opningar og handlingsrom for dette. Ein kan sjå føre seg å samle viktige aktørar til ein møteplass og utvikle kriteria/spelereglar å styre ferdsle utanom sårbare område og tider og samstundes ta omsyn til grunneigarar, innbyggjarar, hyttefolk og reiseliv i lag med organisasjonar og forvaltingsaktørarar som oppfattar at utfordringane og løysingane blir best gjennom avstemming av interesser og omsyn.

Deltakarane vart oppmoda om å tenkje igjennom eventuell representasjon, og kva som skal til for at ein slik møteplass kan få ønskja legitimitet/tillit. Ressursgruppa meiner det er viktig at Statsforvaltaren møter fleire enn kommunen i slike drøftingar.

Alle vart takka for stort engasjement og alle bidrag i møtet.

8. Avslutning

Olav Mandt kom med innspel om å tenke meir på reguleringsplanarbeid i samband med løypeplanlegging. Det er viktig at løypene er samanhengande, og at ikkje einskilte grunneigarar har moglegheit til å nekte køyring og dermed punkttere eit samanhengande løypenett.

Det vart orientert om tentativ dato for neste møte, 25.02.2025. Det tas atterhald om ev justering av dato. Presentasjonane og møtereferatet blir lagt ut på [heimesida](#).